NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 27 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Utsira

Emne: Fisk i kostholdet Bygdelag:

Oppskr. av: Thorolf Kvalevik Gard: Kvalevik

(adresse): Utsira G.nr. 3/ Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Fisk har ikkje vore brukt som byte= middel i millom dei fastbuande i bygda, men i gamle dagar brukt at ein bytte til seg ting av handlarar i byen.

Millom dei fastbuande var gamal skikk, at dei gav „Kokfisk" til kvarandre, idag eg som gir, i morgon du.

Det var slik før, ein kunne ikkje tenkje seg å ta imot eller gje tilbod av kostkje pengar eller anna, om ein fekk eller gav kvarandre kokfisk.

Denne skikken, om den no var god eller ikkje, er burte no, og vorte ein sjölsagd ting at fiskar kjöper av fiskar, når det er han vil ha seg ei kokka med fisk.

2. Dei som brukte å byta til seg varer i byen, sende seg som regel beinveges til ~~ein~~ handelsmannen utan at det føreåt var fastsett nokon tid. Fiskaren kunne sende fisk både ein og fleire gonger på forskot, gjerne var det so og at fisken som fiskaren sende gjekk inn for varer han alt hadde fått, det var so ymse med

11168

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det – kreditten var vanleg før.

Avsides som denne staden ligg, og atti det smått skee når det galt samanlikna med andre stader, er det mest truleg at fiskarane på sine ferder til byen, tok salta fisk med seg og selde han til fiskeoppkjøparar der. Sidan gjorde dei då sine innkjøp.

Dette greier då berre om det var til vanleg kallar småfiske. Det var dei store sesongfiskeria – vårsildfiske og makrellfiske som fiskarane måtte byggja seg til for levemåten, og vart både sild og makrel henta og kjøpt på staden av oppkjøparar mot kontant betaling.

3. I tida frå omlag førti år attende og fram til at det vart fiskesalslag, brukte bøndane frå distriktet ikring byen å kjøpa fisk som dei tok med seg heim. Fisken salta og turka dei då sjølve, og den vanlege fisk dei kjøpte var sei og lyr. Truleg er denne handelen lagd over til fiskesalslaga no, og er handelen no som før med reide pengar og ikkje varebyte.

På same vis kjøpte og bøndene sild, som dei sjølv flekte, turka og salta

4. Den mest vanlege fisken som er brukt i vår bygd er sei, og er det vanleg brukt at kvar hustand, årvisst saltar og turkar eit parti sei eller lyr til bruk i hushaldet.

5. Då dette er eit fiskeridistrikt, er det til hushaldet ikkje brukt å kjøpa fisk i andre distrikt. 11168

6. Jamtover trur ein nok det er større forbruk av salt fisk, enn det er av fersk fisk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Det er mogeleg at det no brukast meir ferskt fisk, enn det var gjort før –.

7. Har inga tru på at det etest minde ~~[illegible]~~ av fisk no, enn det var gjort før.

8. Me held ferskt fisk for å vera betre enn konservert.

9. Laks er eit fiskeslag som det er ytst lite av her, han er soleis sjeldan å sjå ved noko matbord.

10. Ufisk har me mange slaget av og som ikkje vert eten her. Å nemna dei alle med namn er vanskeleg, då det er mange ein ikkje veit namnet på.

Nemnast skol, pigghå, håkjerring, skata, rognkjeksa, slinta, marulk, brugda og mange fleire ein no i farten ikkje kan hugsa namnet på. Kval og hålore brukte me heller ikkje eta før, og mange er det visst endå som ikkje torer ta vågnaden i å eta den slags fisk.

11. Me har ikkje ferskvassfisk, noko lite med ål kanskje, men det er ingen her som vågar eta han.

12. Det viktigaste fiske me har er stor og vårsildfiske om vinteren. Dernest har me makrellfiske om sumaren, og om hausten brummarfiske og anna småfiske til fram mot jul.

11168